



Ard arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 31.08.2015
Vår ref.: 2015/7749-6
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: ard015014

Forholdet til marine kulturminne - Nesfossen smolt - Reguleringsplan med planprogram om konsekvensutgreiing - gnr 56 bnr 14 m.fl. - Lindås kommune

Viser til brev datert 21.07.2015 med varsel om oppstart av reguleringsplan med planprogram for Nesfossen smolt i Lindås kommune, og til vår fråsegn til planen datert 27.08.2015.

Saka har vore sendt til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Ved feil vart ikkje museet si fråsegn inkludert i vårt brev av 27.08.2015. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine eller maritime kulturminne i det aktuelle området. Museet har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavaren er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.